



Hardangerrådet iks



Hardanger

MANDAT TEAM HARDANGER

Godkjent i Rådmannsforum 23.01.2015.

Nettverk og partnerskap.

- ❖ TH er eit fagleg nettverk mellom næringskontaktane og etablerarretteleiarane i kommunane/herada i Hardanger.
- ❖ TH har regionalt næringsarbeid med nyskaping, etableratenester og tilrettelegging som hovudfokus.
- ❖ TH sine medlemmer utfyller og utviklar kvarandre gjennom erfaringsutveksling, inspirasjon, motivasjon og kollegarettleiing.
- ❖ TH er eit partnerskap som motiverer, inspirerer, støttar og gjev auka kompetanse for lokalt og regionalt næringsarbeid.

Oppgåver.

- ❖ TH skal ha fokus på informasjon, tilrettelegging og rettleiing i utviklingsarbeidet i Hardangerregionen.
- ❖ TH skal halda kvarandre oppdaterte på aktuelle næringspolitiske og næringsutviklingstiltak som er på gang i kommunane/herada.
- ❖ TH skal halda seg oppdaterte på og samhandla med fylkeskommunale og statlege næringsstrategiar og handlingsplanar.
- ❖ TH skal sjå på tvers av kommunegrensar i tiltak dei arbeider med til beste for regional utvikling.
- ❖ TH skal ha fokus på alle bransjar som vil medverka til styrkja næringslivet i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til regionale tiltak som kan styrkja eksisterande og som kan skapa nye verksemdar i regionen.
- ❖ TH skal ta initiativ til og leggja til rette for konkrete felles aktivitetar og koordinerande tiltak i samarbeid med næringslivet i regionen.
- ❖ TH kan arrangera kurs og studieturar for næringsaktørane i regionen.

Samspelsreglar.

- ❖ Nettverksleiinga går på omgang mellom medlemmene. Hardangerrådet held sekretariat for TH.
- ❖ Fellesprosjekt eller einskildtiltak som gir suksess i ein kommune er suksess for heile regionen
- ❖ Alle deltakarar i nettverket er ambassadørar for regionen.
- ❖ Nettverksarbeidet er basert på openheit, støtte og tilitt mellom partane.
- ❖ Alle partane har eige ansvar for eigen aktivitet i nettverket.
- ❖ Nettverksarbeid i einskildsaker kan omfatta alle eller nokre av deltakarane i TH.
- ❖ Deltakarane i TH informerer kvarandre om dei fellesprosjekt som vert etablerte.
- ❖ Det skal vera rom for at det i einskilde saker er konkurranse mellom kommunane om t.d. etablering av næringsverksemd. Alle parter har likevel eit felles ansvar for at slik konkurranse ikkje går utover regionen sin samla interesse.
- ❖ Der det kan vera motstridande interesser innan nettverket, er det viktig at ein er open i forhold til det og møter problemstillingane i framkant.
- ❖ Det er viktig at det regionale arbeidet er godt forankra i den einskilde deltakar sin kommune/organisasjon til ei kvar tid.